



Dei 4 ungdommane var ein del av dette fellesskapet sist veke.

Sist veke var 4 lovande langrennsungdommar frå Kvinnerad på treningssamling på Geilo saman med Voss skigymnas og andre langrenns- og skiskyttartalent frå Hordaland. Der trena dei hardt under dugande rettleiing. Blant trenarane var Gisle Fenne og Kristen Skjeldal som tidlegare var i den absolutte verdstoppen i høvesvis skiskyting og langrenn.



Henrik(f.v.), Solveig, Tord og Johannes hadde ei flott veka på Geilo.

Dei 4 kvinnhersungdommane som deltok på samlinga, var Johannes Haugland, Tord Sæle og Solveig Haugland her frå Uskedalen, og Henrik Bauge frå Rosendal. Då eg hadde lyst å skriva om samlinga her på nettsida, sende eg ei melding til ungdommane og spurde om dei kunne ordna nokre bilete og nokre punkt så eg hadde noko å laga ei sak ut frå.

Bilete fekk eg, og i tillegg fekk eit brev som var så kjekt og flott at eg vel gjengje det i sin heilhet:

Hei!

Vi hadde ei utruleg kjekk veka på Geilo med mykje god trening på snø. Frå Kvinnherad var vi til saman fire som reiste; Solveig, Johannes og Tord frå Uskedalen og Henrik frå Rosendal. Vi fekk tidlegare i haust tilbod om å vere med på denne samlinga. Samlinga vart arrangert av Voss skigymnas, og alle som går langrenn og skiskyting i Hordaland skikrets fekk tilbod om å vere med. Vi kom opp til Geilo søndagskveld og sjekka inn på Ustedalan Hotell (i nærleiken av Geilo sentrum). Her budde vi heile veka, saman med langrennsløparar og skiskyttarar frå Hordaland skikrets. Dagleg hadde vi to treningsøktar i lysløypa, både skøyting og klassisk. Ei av øktene var eit frivillig testrenn. Mellom øktene hadde vi leksegjering, der vi fekk tid til å halda følge med skulearbeidet. Om kvelden hadde vi fellesmøte om dagen og morgondagen. Samlinga var utruleg kjekk! Vi hadde mykje god og inspirerende trening i tillegg til at vi fekk god kontakt med dei andre ungdomane. Dette gjer at det er kjekt og komme ut på kretsrenn og møtast igjen. Samlinga har vore til svært god inspirasjon, og no ønskjer vi oss berre snø og gode forhold i fjellet.

Mvh

Johannes, Tord, Henrik og Solveig

Dette var kjekt å lesa. De leverer ikkje berre i løypa, men på 'skrivepapiret' også. Tusen takk! Vi ønskjer dåke lukke til med sesongen og håpar på snø, gode forhold og mykje kjekt vi og!



Flotte forhold!



Innandørstrening med ulike øvingar og gode tips.



Eit sunt og godt kosthald er viktig. Ein fornøgd Johannes er ferdig med havregrauten til frukost?

Nett: Thor Inge Døssland